

01 MARS 2023  
ÅRGANG 56

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

# Kyrkjebladet

**Medvandrar for ungdom** s. 4-5

**Kyrkjeval** s. 6-7

**Konfirmasjon** s. 8-10



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Kristin Hjertaker  
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin Haukaas, Erik Rodal

Design og trykk: Arna Media AS, Unigrafisk AS  
Opplag: 5700  
Foto framside: Odd Mehus  
Neste utgåve: 25. aug. Materieffrist: 23. juni.

Arna kyrkjekontor  
Telefon: 55 36 22 70  
arna.menighet@kyrkja.no  
Facebook: @arnakyrkje

Arna Kyrkjelydshus, Lakslia 21  
kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

Soknerådsleiar: Kristin Haukaas

Sokneprest: Kristin Hjertaker  
kh937@kyrkja.no, telefon: 414 79 182

Adm. leiar: Marianne W. Fanebust

Kateket: Cathrine Snipsøyr  
cs262@kyrkja.no, telefon: 920 71 840

Trusopplærer: Gro Eman  
ge427@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf  
os377@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd  
Tlf. 55 36 22 73  
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no  
Facebook: @ytreamakyrkje

Ytre Arna kyrkjelydshus  
Peter Jepsens veg 39  
Open kyrkje: Onsdag 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik  
if952@kyrkja.no, telefon: 916 06 626

Adm.leiar: Benthe Vevle

Trusopplærer: Marianne Vevle Hjortland  
mh798@kyrkja.no

Organist: Jørn Skauge  
js234@kyrkja.no

Tilsette i begge kyrkjelydar:  
Kyrkjetenar: Monica Ohr  
mo886@kyrkja.no, telefon: 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20:  
Maria Aasheim Grosås  
mg647@kyrkja.no, telefon: 413 60 923

Styrar Noa og Sakkeus openbarnehage:  
Møyfrid N. Opheim  
sakkeusopenbhg@outlook.com

BKF/Kirketorget: Dåp/vigsel/gravferd  
Tlf. 55 59 32 10  
kirketorget.bergen@kyrkja.no  
Besøksadresse: Marken 34

## Vil du gje ei gåve?

Arna, konto: 1506.60.81157  
VIPPS 11237  
Ytre Arna, konto: 5081.08.12726  
VIPPS 12191



Tankar  
om tru

## Heilage rom for alminnelege liv

«Rom for deg i kyrkja» Kanskje har du sett denne meldinga på veg inn eller ut av Arna kyrkje. Orda står skrive på ein roll-up med bilde av ulike menneske i ulike aldrar.

Eg håpar du tenker at det stemmer; at det er rom for akkurat deg i kyrkja. At du kan koma til kyrkja i glede, i sorg eller krise. At du kan koma med undring, forventning, fortvilning eller frustrasjon. At det heilage rommet er for deg, både heilt konkret og biletleg tala.

Kyrkjene våre har vore heilage rom for alminnelege liv i mange generasjonar. Me som er tilsette og frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna ønskjer at det skal halda fram; at stadig nye menneske skal oppleva kyrkja og den kristne trua som eit viktig og verdifullt haldepunkt i livet. Det handlar om å kjenna at du høyrer til, at du er del av noko større, for mange er det eksistensielt og gir livet mening. Tanken på at me er skapt av Gud, til fellesskap med han og med kvarandre, eit fellesskap me får del i gjennom dåpen.

Men ikkje alle erfarer at det er rom for dei. Somme har prøvd, utan å finna sin plass. Andre har ikkje våga å prøva. Enno.

I Arna og Ytre Arna kyrkjelydar er det eit stort mangfald av aktivitetar og tilbod gjennom heile veka; noko går føre seg i kyrkjene og mykje i kyrkjelydshusa. I denne utgåva av Kyrkjebladet kan du lesa om noko av dette. Kanskje er det noko her som kan passa for deg? Det finst fleire opne møtestader, der ein kan koma og finna eit fellesskap – og ikkje minst vera med og bidra sjølv til å skapa gode fellesskap.



Kristin Hjertaker | Prest

# Musikalske høgdepunkt

## Fredag 7. april kl. 10.30

**Orgelresitasjon** i Arna kyrkje

Kantor Olav Arne Steinkopf spelar musikk av Vierne, Franck og Bach som ei innleiing til pasjonsgudstenesta kl. 11.

## Laurdag 22. april kl. 13.00

**Concert Romantique** i Arna kyrkje

Cathrine Snipsøyr – song Olav Arne Steinkopf – orgel/klaver. Kantor Olav Arne Steinkopf og solist Cathrine Snipsøyr vil presentere eit knippe vakre songar i ulike sjangrar, om kjærleik, håp og glede. Mange av desse songane vert nytta i samband med vigslar. I tillegg får me høyre fleire kjende og ukjende brudemarsjar. Går du i giftetankar og treng litt inspirasjon, eller ynskjer du berre å høyre vakker romantisk musikk? Då er dette noko for deg.

## Sundag 23. april kl. 11.00

**Jazzmesse** i Arna kyrkje

Det vert svingande rytmar med profesjonelle jazzmusikarar i Arna kyrkje denne søndagen. I tillegg til musikarar med bakgrunn frå jazzlinja ved Griegakademiet i Bergen, medverkar forsongarar og solistar. Kantor Olav Arne Steinkopf er kapellmeister. Kristin Hjertaker er liturg.

## Torsdag 27. april kl. 18.00

**Salmefest** i Arna kyrkje

I kyrkja si nye salmebok er det stor sjangerbreidd. Dei tradisjonelle salmane står side om side med gospel, spirituals, moderne lovsong, viser, afrikanske, latinamerikanske og asiatiske salmar. Dette store spekteret ynskjer ein å få fram på denne salmefesten. Eit band med dyktige musikarar med saksofonisten Thomas Nøking i spissen, vil få salmane verkeleg til å svinge saman med Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Musikalsk leiar er kantor Olav Arne Steinkopf. Til slutt vil det bli tid til ein liten ynskjekonsert, der folk kan få ynskje seg sin eigen salme.

## Søndag 7. mai kl. 19.30

**Orgelkonsert** i Arna kyrkje

Cesar Franck samla orgelverk del 4. Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Olav Arne Steinkopf.

## Torsdag 11.mai kl. 19.45

**Fredskonsert** i Arna kyrkje

Solistkompaniet, Arna og Ytre Arna kyrkjekor ved Olav Arne Steinkopf. Ytre-Arna Vokal ved Bjørn Bergmann. Appell ved Ole Johan Hauge frå Espe-land fangeleir . Kransenedlegging etter konserten.



7. mai framfører Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Olav Arne Steinkopf del 4 i konsertserien med Cesar Franck sine orgelverk.



# Eit menneske å prata med

TEKST: Ingvar Fløysvik  
FOTO: Odd Mehus

Første november i fjor fekk me ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna. Ho heiter Maria Aasheim Grosås, er 34 år og skal dela tida si mellom dei to sokna.

Maria er ei strålende sørlandsjente. Ho vaks opp i Kristiansand, men farfaren er fødd på Åsheim i Haus og har nok rodd over Sørfjorden til Ytre Arna meir enn ein gong. Saman med mannen sin, William, budde ho nokre år i Oslo før dei kom over fjellet til Bergen og Hop for seks år sidan. William er prest og arbeider no på NLA-høgskolen. Dei har ein gut som heiter Lavrans, og som snart er tre år.

- Korleis kom du på å søkja deg hit til Arna?

- Arna er ein bydel eg kjenner litt til. Eg har arbeidd i barneverntenesta og sosialtenesta her i fire-fem år. Der arbeidde eg med born, familie og ungdom. Ellers hadde eg frå før gode kjensler for området på grunn av farfar. Og så elsker eg å køyra Grimesvingane, her er jo eit postkort rundt kvar sving!

- Måtte du gå på ein skule for å læra å bli ungdomsdiakon?

- Eg er utdanna sosionom og har vidareutdanning i verdibasert leiing. No held eg på med ein Master i diakoni parallelt med arbeidet. Åra i barnevernet og NAV har jo òg vore god læring. Elles har eg jobba som ungdomsdiakon og samtalepartnar i Bærum, der samtaletilbodet 13-20 vart utvikla og først brukt.

## [www.13-20.no](http://www.13-20.no)

- 13-20 er det ein kallar eit lågterskeltilbod, det vil seia at det skal vera lett å bruka. Det er gratis, det trengst inga tilvising,

du kan berre senda ei melding og be om ein samtale.

Namnet 13-20 står for alderen 13-20 år, men ein strekkjer det i begge endar.

- Me har utgangspunkt i det kristne verdigrunnet, som inneber at kvart menneske, kvar ungdom, er skapt i Guds bilete og er uendeleg verdfull. Me ønskjer at ungdomane skal oppleva seg anerkjent og sett for den dei er. Og me vil møta dei som kjem, først og fremst som menneske, ikkje som «ungdom med rusproblem», «ungdom med vanskeleg familiebakgrunn», «ungdom med ...» - eg veit ikkje kva.

## Medvandrar

- Ingen er berre det andre ser. Difor begynner me heller ikkje praten med problemet, men prøver å bli kjende med den me snakkar med, og lèt den unge sjølv velja kva han eller ho vil fortelja, om det som er vondt, om det som er kjekt eller morosamt. Me kan le saman, vega ting saman, gråta saman. Me ønskjer å vera trygge vaksne som har tid. Me vil gjerne gå saman med tenåringane, vera «medvandrarar», som me seier.

- Viss eg er ein ungdom som kjem og snakkar med deg, risikerer eg då at du etterpå fortel mor eller barnevernet eller nokon annan det eg har sagt?

- Eg har teieplikt, det er eit krav i jobben. Altså: Det du seier til meg i samtalen, blir mellom oss to. På same måten som helsesyster og andre har eg likevel etter norsk lov i visse høve plikt til å melde frå til barnevernet. Skulle det bli aktuelt, vil du få vita det først. Eg går aldri bak ryggen din.

Så kan det òg henda at du og eg saman finn ut at me vil trekkja inn andre hjelpeinstansar, at du treng hjelp frå desse. I så fall vil eg hjelpe deg med det.

## Stovepreg

Ein av stadene Maria møter ungdomar, er på kontoret i Arna. Ho har prøvd å gjera det koseleg, litt slikt stove-følelse, og ho byd gjerne på ein kopp kakao eller eit glas saft til den som kjem. Det skal vera godt å sitja her. Eit anna alternativ er å treffast ute, gå ein tur saman og prata i lag ute i naturen. Så er det jo ein god del tenåringar frå Ytre Arna og Arna som går på skule inni by'n. Difor har ho òg tilgang til eit fint samtalerom i sentrum, og har ikkje få samtalar der.

Maria er ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna. Men i Bergen er dei eit team på fire som brukar 13-20-opplegget. Dei møtest ein gong i veka og har faglege drøftingar, rettleier og støttar kvarandre. Dei er òg tilgjengeleg for foreldre som ynskjer samtale.

## For ungdomane i Arna og Ytre Arna

Maria gler seg til å bli endå betre kjend både med Ytre Arna og Arna.

- Me får sjå korleis vegen går seg til. Eg har treft konfirmantane både i Arna og Ytre Arna sokn og er med på konfirmantleir. Eg har òg vore innom Arna ungdomsklubb. Dessutan har eg lyst å samarbeida tett med andre som jobbar for ungdom i bydelen. Korleis kan me bruka kvarandre? Korleis kan dei bruka meg? Eg vil ha kontakt med skulane, med psykisk helseteam og andre gode krefter i bydelen. Fleire av instansane i Arna har flytta til Åsane. Eg vil gjerne vera noko for ungdomane her dei bur, om dei ynskjer det, sluttar Maria.

*“Draumen min er å vera den ungdomane kan koma til, utan at nokon først skal vurderer kor alvorleg problema deira er, at dei kan få koma og berre prata og pusta ut.”*

Maria Aasheim Grosås







# Påvirker lokalsamfunnet

TEKST OG FOTO: Audun Stølås

Kristin Haukaas i Indre Arna og Jan Olav Lien Hansen i Ytre Arna er medlemmer av soknerådene i de to menighetene og har bestemt seg for å stille til gjenvalg for en ny 4-års periode.

Det gjør de blant annet fordi de liker å være med å påvirke lokalsamfunnet. En annen viktig grunn er at de gjennom arbeidet i soknerådet er blitt kjent med mennesker som de ellers ikke ville blitt kjent med.

- Du treffer nye folk på tvers av alder og yrker. Og du kommer under huden på det som skjer i soknet, sier Jan Olav. Kristin sier at hun er overrasket over i hvor stor grad hun gjennom soknerådet kan påvirke.

Medlemmene i soknerådet er åpne for ideer og er villige til å prøve nye ting.

- Det er utfordrende, kjekt og lærerikt å være med i soknerådet. Det er god stemning på møtene og mye latter. En soknerådsperiode på 4 år kan virke lenge. Men det er et engasjement du får mye igjen for. I et sokneråd får du brynt deg litt på andre mennesker som du deler troen med, sier Kristin.

## Mat til konfirmantane

Jan Olav er 25 år gammel og har lang og bred erfaring fra frivillig arbeid. Det begynte på bedehuset i Ytre Arna. I om lag åtte år var han en av lederne i Ving og Fredagsklubben med samlinger flere ganger i uken.

Siden kom han med i konfirmantarbeidet, der han gjorde tjeneste på kjøkkenet. Nå er han hovedansvarlig for all matserving for

konfirmantarbeidet sammen med en annen. Det er konfirmantsamling annenhver uke, og det er alltid mat i en eller annen form. Jan Olav elsker å lage mat, men vil ikke ha det som yrke.

Jan Olav jobber som elektriker. Han spurte en dag om han kunne være med på vedlikeholdet av Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Etter det ble han spurt om han også kunne stille til valg til soknerådet. Han er også vikar som kirketjener i Ytre Arna kirke.

## Gikk til gudstjeneste

Kristin fikk en søndag for fem-seks år siden det for seg at hun kanskje skulle gå til gudstjeneste i Arna kirke. Det gjorde hun og kom tilbake søndagen etter.

Siden har hun fortsatt med det. Etter hvert ble hun med i kor i menigheten, i en bibelgruppe, i arbeidet med kirkebladet og i en gruppe som planlegger og gjennomfører gudstjenestene.

- Jeg er glad i gudstjenesten. Og jeg har veldig sans for Olav Arne Steinkopfs krumspring på orgellet og klaveret, sier hun. Hun har vært med i soknerådet i Arna i en periode. De tre første årene var hun nestleder og i år er hun leder. Kristin er 42 år og er utdannet barnehagelærer med videreutdanning i ledelse.



## Ny prest i Arna

Gina Marie Reisæter-Thu er tilsett i den ledige stillinga som kapellan i Arna kyrkjelyd. Dette er ei ny, fast stilling som vart oppretta i 2021, men som det ikkje har lukkast å få tilsett i før no.

Gina Marie er utdanna teolog frå NLA og tek denne våren avsluttande praktikum med praksis i Arna. Ho startar i stillinga som kapellan i løpet av sommaren, og blir presentert meir i ei seinare utgåve av Kyrkjebladet.

## Kulturkafe

Onsdag 26. april kl. 18-20 blir det kulturkafe med Klubben i Arna kyrkjelydshus Arnaringen deltek med ringdans og felles dans. Musikkinnslag, servering av vaflar og kaffi og utlodding. Velkomen! Pris: kr. 50, ved inngang Arr.: Klubben i Arna/ Arna sokneråd



## Trylling og alvor

Sundag 23. april kl. 15 og 18 er det to trylleshows med Svindler med stil /Ruben Gazki i Arna kyrkje. Det første er primært tenkt for born, det siste for ungdom.

Kulturdagar i Arna går av stabelen 21.-30. april. Heile programmet finn du på Facebook @kulturdagariarna

## Stem fra mobilen

Kirkevalget skjer mandag 11. september. Det foregår i et valglokale i nærheten av der kommunestyrevalget skjer.

Men i hele perioden fra 10. august til 6. september kan du forhåndsstemme digitalt. Det er første gang dette skjer.

- Du kan altså stemme fra mobilen, forteller administrasjonsleder Marianne Wallem Fanebust. Det kan skje ved at du logger deg på valgportalen på [kirkevalget.no](http://kirkevalget.no) og avlegger stemme.

Alle som er medlem i Den norske kirke og er født i 2008 eller før, kan stemme ved Kirkevalget i høst. Her er din mulighet til å bruke din stemme for å skape fremtidens kirke. I Den norske kirke er det rom for deg. Bruk din stemme i kirkevalget.

Det skal velges representanter til menighetsråd (lokalt), bispedømmeråd (regionalt) og Kirkemøtet (nasjonalt).

Nytt av året er også at det ikke blir sendt ut valgkort til medlemmene.



FOTO: Kirkerådet

Du kan også forhåndsstemme i fysisk lokale. Det kan skje i forbindelse med gudstjenesten søndag 27. august i Arna og Ytre Arna. I tillegg kan du forhåndsstemme på kykkjekontoret i Indre Arna for begge sokn på følgende tidspunkt:

**Torsdag 31. august kl. 15-20**

Vil du forhåndsstemme i et annet sokn enn der du bor, må du gjøre **det innen 1. september.**



# Velkommen til konfirmasjon!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Du får lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.

Konfirmanttida i Arna er satt saman av mykje forskjellig: Grupesamlingar med ulike tema, fellessamlingar saman med heile konfirmantflokkken, leir, gudstenester, og aktivitetar som skjer i kyrkja.

Før påske er konfirmantane med på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon. Den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta er flott og høgtideleg.

Vi ynskjer at du skal kjenne deg som heime i kyrkja. At det er ein plass der du kan slappe av, prate med andre, ta del i det som skjer.

Alle døypte som er fødd i 2009 får invitasjon i posten. Om du ikkje er døypt, kan du sjølv sagt vere med på konfirmasjonssamlingane. For å bli konfirmert, må du vere døypt, så om du ikkje er det frå før, blir du det før konfirmasjonen.

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom nokon treng tilrettelegging, så finn vi dei gode løysingane saman.

I kyrkjelydshuset er det ungdomsklubb annankvar tysdag kl. 1900-2100. Der er det mat, leik, andakt og sosialt fellesskap.

Alle ungdomar er velkomne der!

Det skal vere informasjonssamling i kyrkja i oktober, der vi fortel meir om konfirmanttida. Følg med på kyrkja si heimeside og Facebook for informasjon om tidspunkt og detaljar når det nærmar seg.

Konfirmasjonsdagane i 2024 er 1. september, 7. september og 8. september.

I løpet av oktober vil det kome informasjon og digital påmelding på Arna kyrkje si heimeside. I påmeldingsskjemaet kan du ynskje dato for konfirmasjon.

Følg med på [www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna)



Konfirmanttida blir avslutta med ei høgtidsam konfirmasjonsgudsteneste. Her er ei av gruppene som vart konfirmert i mai 2022. Foto: Kristin Hjertaker.

## Konfirmantar i Arna 2023

### Søndag 7. mai kl. 10.30

1. Amalie Stølsbotn Grindheim
2. Bettina Hermansen Ekse
3. Brede Djønn Bakervik
4. Elias Altermark Mehus
5. Ida Emilie Nesse
6. Jenny Marie Grytøyr
7. Jonatan Skjoldal
8. Mia Isabell Haugen
9. Mille-Mari Nøklings-Sæle
10. Noah Ørskov
11. Odin Søylen
12. Patrick Sværi
13. Rickard Matre Jenssen
14. Sondre Myklebust Andersen

### Laurdag 13. mai kl. 10.00

1. Andrea Skulstad
2. Andreas Borgund Veseth
3. Ariana Årsand-Tveitnes
4. Benjamin Hordnes
5. Benjamin Aasen Tunestveit
6. Elias Antun Mikkelsen
7. Kaja Hansen
8. Malin Teigland Froestad
9. Mariell Garnes Horn
10. Mia Celine Garnes Selvik
11. Mira Marie Kristensen Kvamme
12. Niklas Matheo Bringsli Midtun
13. Steffen Træbakken
14. Tiril Benedicte Rolfsvåg
15. Trond Almelid Tvilde

### Laurdag 13. mai kl. 11.45

1. Anine Mathea Amundsen-Aasen
2. Aron Akse
3. Benjamin Lodtz Hauge
4. Brynjar Einaas
5. Elias Skinlo Vindal
6. Heine Wilhelm Grung
7. Ida Alvsaker Nordbø
8. Kjærland Furhovden Stenerud
9. Linnea Nesse Veseth
10. Lise Emilie Vikse
11. Liv Mari Fredstad Hauso
12. Marte Alvsaker Nordbø
13. Matthias Tenden-Vie
14. Nora Alvsaker Nordbø
15. Sander Nicolaisen Mjelde
16. Sofie Tveiten Enger

### Laurdag 13. mai kl. 13.30

1. Eirik Brattabø
2. Henrik Hjortland Mjelde
3. John Bjørvik Landro

4. Leander Garnes
5. Marthe Nordgulen Sätendal
6. Matias Hovden
7. Noah Hisdal Johannessen
8. Oda Johannessen Urdal
9. Phillip Aadland Dale
10. Sebastian Lohne Helgesen
11. Silje Sivertsen
12. Simen Killi
13. Synneva Maria Bratland
14. Tuva Mildestveit Nævdal

### Søndag 14. mai kl. 10.30

1. Adrian Vågen Havre
2. Embla Martine Lid Bakervik
3. Emil Hanssen
4. Jonathan Martinsen
5. Maria Hammersland Jensen
6. Mathias Emil Skarsten Søvik
7. Nicklas Haga Pedersen
8. Robin Skulstad Klementsens
9. Samuel Martinussen Fagernes
10. Thea Irgens Nesse
11. Tobias Borge Bessesen

### Søndag 14. mai kl. 12.30

1. Alejandro Demar Bjørk
2. Alexander Solås
3. Julia Thorstensen
4. Kari Moen Simmenes
5. Lukas Mjelstad Unneland
6. Maria Gundersen Kjeiten
7. Mia Esmeralda Elsaas
8. Nils Halling
9. Rene Kristoffer Langenes Pedersen
10. Sander Dahlberg Fahlstrøm
11. Thea Mjelde
12. Tobias Ekse Vedå

## Arna prøver ut haustkonfirmasjon

Konfirmantåret i Arna blir endra, i første omgang som ei prøveordning for 2024 og 2025. Informasjonsmøtet blir i oktober, presentasjonsgudsteneste og oppstart blir rett over nyttår og konfirmasjonsgudstenestene i starten av september.

-Haustkonfirmasjon har fleire fordelar, både pedagogisk og praktisk. Mange kyrkjelydar rundt om i landet har god erfaring med det, seier sokneprest Kristin Hjertaker.

### Oppstart i januar

- Pedagogisk er det ein fordel at me kan koplå oss tettare på dei store høgtidene jul og påske, og at undervisninga blir meir komprimert. Oppstart i starten av januar blir flott! Då er det Openberringstid, ei lys tid i kyrkja der tekstane har fokus på kven Jesus er, han som vart fødd i stallen, som me akkurat har feira i jula.

Når undervisninga går fram til juni, opnar det seg også heilt andre moglegheiter for å kunna ha aktivitetar og samlingar utandørs. Med tanke på leir – og eventuelle alternativ her – er det ikkje endeleg avklart kva for tilbod det vil bli, og kva tid i konfirmantåret. Dette kjem me tilbake til.

Mai er ei svært travel tid i kyrkja, både med og utan konfirmasjonar, noko som krev mykje ressursar i ein liten stab. Utfordringa er at ingen av dei andre tingane; som Kulturdagane i Arna, 17. mai, Kristi Himmelfartsdag eller pinse kan flyttast på.

Med det nye opplegget vil det bli ei samling for konfirmantane rett etter skulestart og så konfirmasjonsgudsteneste i byrjinga av september. I 2024 vert datoane 1., 7. og 8. september.

### Prøveordning

Det er Kristin prest som har tatt initiativ til omlegginga, som er vedtatt av soknerådet som ei prøveordning for 2024 og 2025. Ordninga skal evaluerast. Dersom erfaringane ikkje vert slik ein håpar på, vil ein gå tilbake til vårkonfirmasjon frå 2026.



# Har du lyst til å bli konfirmert i Ytre Arna kyrkje?

Aller først, for å fjerna all tvil og forvirring: I Ytre Arna begynner konfirmantopplegget i månedsskiftet august-september, og du blir konfirmert 28. april eller 5. mai i 2024.

Det er ulike grunnar til at folk vel å bli konfirmerte i kyrkja. For ikkje reint få spelar tradisjon ei rolle. Somme har først og fremst lyst å vera med venene sine. Andre gjer det for pengane dei håpar å få til konfirmasjonsdagen – seier dei, det kan vera ein grei ting å skulda på! Men konfirmasjonstida blir eit møte med den kristne budskapen, me håpar òg med Jesus. Det kan bli eit år til ettertanke på mange vis, til å oppleva nye ting, og til å veksa i den trua du vart døypt til – eller kan bli døypt til om du ikkje er det enno.

I Ytre Arna bruker me eit opplegg som heiter Tentro. Det er laga av PinseUng, men me har fått lov å tilpassa det til vår bruk. Me samlast annankvar onsdag frå september til april, syng litt saman, får høyra litt om det som er emnet for kvelden, samlast i grupper og snakkar om det me har høyrt, og så et me saman til slutt - alt er unnagjort på om lag halvannan time. Ei helg før jul dreg me på konfirmanthelg til Gullbotn. Det kan du gle deg til.

Alle som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja, fødte i 2009 og folkeregistrerte i Ytre Arna, får i byrjinga av mai brev med registreringsskjema. Her får du òg fleire detaljar om konfirmantåret. Viss du ikkje er døypt, er medlem av eit anna kyrkjesamfunn, eller bur utanfor Ytre Arna sokn, men ønskjer å bli konfirmert i Ytre Arna, tek du kontakt med presten, Ingvar Fløysvik, anten på tlf. **916 06 626** eller e-post [if952@kyrkja.no](mailto:if952@kyrkja.no), så sender me skjema til deg òg.

## Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje 2023

### Laurdag 30.april kl. 11.00

Anine Erdahl Andersen  
Bettina Langeland Angeltveit  
Linnea Eikefet Berland  
Robert Hammersland Blomdal  
Ola Heldal Bøe  
Isabel Endresen  
Bertine Svardal Helleve  
Julian Morken Hilleren  
Alv Kevin Merkesdal-Horn  
Emmy Hovland Songstad  
Julie Tveito-Thunes

### Sundag 7. mai kl 11.00

Joffrey Harrison Bakalie  
Marius André Benden  
Mina Inger Endresen Hekland  
Cedrik Leander Hitland  
Aurora Skjelland Holthe  
Susann Johansen  
Luna Aune Reksten  
Joakim Bjerck Rolland  
Linea Rebecca Værn

Øvre bilde - Foto: Sigurd Lian.  
Nedre bilde - Foto: Ingvar Fløysvik.



## YA Non Stop Singing



Mina, Elise, Julie, Mariam, Lilja, Emily, og på fløyte Yona i YA Non Stop singing deltok på gudsteneste i Ytre Arna kyrkje 12. februar

TEKST OG FOTO:  
Tor Oddvar Holmefjord

Sundag 12.februar var det gudsteneste for små og store i Ytre Arna kyrkje. Der var koret forsongarar på songane i gudstenesta. Dei song også eigne songar dei hadde øvd inn, og fleire av medlemene i koret song solo. Det var friske innslag i gudstenesta, og me gler oss til å høyre meir frå dei! Koret øver kvar onsdag i Ytre Arna kyrkje klokka 17.15 – 18.15.

Alle frå første klasse og oppover kan vere med. Leiarar er organist **Jørn Skauge** og trusopplærer **Marianne Vevle Hjortland**. Ønskjer nokon å vere med, kan dei ta kontakt med ein av desse, eller ringje til Ytre Arna Kyrkjelyd: tlf: **55362273**. Ein kan også møte på ei av øvingane på onsdagane i kyrkja.

## Midtsommar med Ytre Arna vokal



Foto: Tor Oddvar Holmefjord

Torsdag 15.06.23 blir det Midtsommarkonsert med YA Vokal, (kyrkjekoret i Ytre Arna) i kyrkja.

Har du sunge tidlegare, og har eit ønske om å vera med å syngja med oss, er no anledninga til å avtala prøvesong.

Eller du kan møta opp på korøvinga vår i Ytre Arna kyrkje kvar torsdag kl.19-21.30, så snakkast vi der. Vi har eit variert repertoar, og er ein fin gjeng.

**Kontaktperson er Anita Frekhaug, mob.93497968**

## Velkommen til Noa open barnehage i Ytre Arna

Vi har songstund kl. 11, og deretter lunsj. Ta med matpakke, vi byr på drikke. Noa open barnehage følgjer skulen sine feriar og fridagar. Ut-over våren skal vi ha fleire utedagar på Soltun besøksgård på Garnes. Der blir det kjekke aktivitetar for både små og store! I juni blir det turdag og piknik saman med dei andre opne barnehagane i Bergen.

### Barnesong på onsdagar

Ein onsdag i månaden tek vi songstunda i kyrkja saman med organist Jørn. Den dagen er det

noko ekstra godt til lunsj – som nysteikte vaflar og nytrekt kaffi til dei vaksne! I vår er det barnesong på desse datoane:

**5. april kl. 13:15**  
**26. april kl. 13:00**  
**31. mai kl. 13:15.**  
**14. juni kl. 13:00**  
**31. mai kl. 13:15.**  
**14. juni kl. 13:00**

Følg "Noa åpen barnehage" på Facebook for program og fleire opplysningar.



Foto: Marianne V. Hjortland



# Tilbod i Arna alle vekedagar

Visste du at det er tilbud i Arna kyrkje og kyrkjelydshus gjennom heile veka? Her finn du ei oversikt over tilbudet til ulike målgrupper. Kanskje er det noko som passar for deg?

KH = Kyrkjelydshuset, KS = Kyrkjestova, K = Kyrkja

## Måndagar

**Sakkeus Open barnehage** kl. 9-15 (KH) - for foreldre som er heime med små barn. Drop in-tilbod. Samlingstund kl. 11 og felles lunsj kl. 11.30. Bli med i Facebook-gruppa til Sakkeus for å få oppdatert info om program etc. Aktivitetar ute i Sakkeus-parken etter sesong.

## Tysdagar

Arna Seniorcenter har ope kl. 10-15 (KH). Middag (100 kr) kl. 12.30-14.30. Følg gjerne Arna seniorcenter på Facebook for meir info om programmet framover.

**Bønesamling** kl. 10-11 (KS). Ei lita gruppe samlast kvar tysdag for å be for stort og smått i bygda og kyrkjelyden.

**Konfirmantundervisning** for ulike grupper kl. 11.45-13.15.

**Arna familiekor** kl. 16.30-17.30 (KH) annankvar tysdag (oddetalsveker). Enkel servering 16.30-16.50. Song og lek frå kl. 17 til ca. 17.30. Bli med i Facebook-gruppa til Familiekoeret for oppdatert info.

**Ungdomsklubben** kl. 19-21 (KS) annankvar tysdag (som regel partalsveker). Mat, prat, leikar, spel og av og til film. Positive, trygge vaksne til stades. Bli med i Facebook-gruppa Ung i Arna kyrkjelyd for oppdatert info.

## Onsdagar

**Klubben** for funksjonshemma kl. 18-20 (KH).

**Klubb gudstenester** i kyrkja kl. 19 på følgjande datoar våren 2023: 25. januar, 15. februar, 22. mars, 12. april, 31. mai. Dette er enkle kvardagsmesser som passar for alle.

**Open kyrkje** kl. 18-20 (K). Kom innom og tenn eit lys, sit i stille, opplev det vakre kyrkerommet og be om du ønskjer. Frivillige kyrkjevertar er til stades og nokre gonger prest.

## Torsdagar

**Babysong** kl. 10.30-12 på Loftet (KH). Bli med i Facebook-gruppa til Babysong for oppdatert info.

**Open kyrkje** kl. 12-14 (K). Kom innom og tenn eit lys, sit i stille, opplev det vakre kyrkerommet og be om du ønskjer. Frivillige kyrkjevertar er til stades og nokre gonger prest.

**Arna Seniorcenter** har ope kl. 10-15. Middag (100 kr) kl. 12.30-14.30.

**Arna og Ytre Arna kyrkjeor** kl. 17.30-19 (KH). Kontakt kontor Olav Arne Steinkopf for meir informasjon. Epost: os377@kirken.no

## Fredagar

**Open kyrkjestove** kl. 11-13 (KS). Uformell møtestad. Mat og prat. Gratis.

## Laurdagar

**Grautlaurdag** siste laurdag i månaden kl. 12-15 (KH). Koseleg møtestad for alle generasjonar. Aktivitetar for barn. Gratis. Datoar våren 2023: 28. januar, 25. februar, 25. mars, 29. april, 3. juni.

## Sundagar

**Gudsteneste** kvar søndag kl. 11 (K). Temagudsteneste med band og forsongarar + gudsteneste for små og store nesten kvar månad. Følg Arna kyrkjelyd si hovudsida på Facebook for jamlege oppdateringar.

**Søndagsklubben** for barn kl. 11.30 (KH). Bli med i Facebook-gruppa for søndagsklubben for oppdatert info.



Ein laurdag i månaden er det gratis graut og aktivitetar for små og store på Kyrkjelydshuset. Foto: Kristin Haukaas

Kvar torsdag er det babysong på loftet i Kyrkjelydshuset. Foto: Odd Mehus



Foto: Kyrkjerådet

## Trusopplæring i Arna

### Babysong, Torsdagar kl. 10.30 - 12.00

Babysong. Dette er ein fin møteplass for deg som er heime med ein baby. Her blir det song, rytme og bevegelsesleik tilpassa barna. Kaffi, te og kjeks/frukt etter songstunda.

### 3 år, Mai

Vi syng litt i lag og høyrer historia om sauene Krølle som gjekk seg bort. Alle som vil, får leita etter sitt eige vesle koselam som dei kan ta med seg heim. Vi får og helsa på eit ekte lam på bakkane utanfor kyrkja. Til slutt blir det risengrynsgraut til kveldsmat.

### 3. trinn, Laurdag 3. og søndag 4. juni

Kom og ver med og løys oppdrag og mysterium i Arna kyrkje! Vi skal også ete i lag og utforske det store kyrkjetårnet. Søndag får barna oppdrag på gudstenesta.graut til kveldsmat.

### 6 år, Søndag 20. august

Vi feirar skulestart på gudsteneste for små og store. Vi syng saman og høyrer ei bibelhistorie. Du som er førsteklasing, skal få din eigen barnebibel

### 7. trinn, Tysdag 18. april kl. 19-21.00

Treff for alle på 7. trinn på ungdomsklubben i Arna kyrkje. Stad: Kyrkjestova, ved Arna kyrkje sin parkeringsplass. Mat, sosialt, konkurransar med premie, andakt.

### 5-7 trinn, Haust

MER-Festival: Dette er ein festkveld fylt med alt frå underhaldning og gameshow, til eit tydeleg fokus på Jesus! Avsluttar med eit heftig GLOW-PARTY.

## Ytre Arna kyrkjelyd på tur til Strandebarm kyrkje

Det er lenge sidan Ytre Arna kyrkjelyd har vore på kyrkjelydstur, og no ønskjer Ytre Arna sokneråd å skipa til tur til Strandebarm kyrkje 18. juni.

Me tek del på gudstenesta som er ei familiegudsteneste med sokneprest Vetle Karlsen Eide. Der skal det og vera utdeling av bøker til 6-åringane. Etter gudstenesta vert det litt informasjon om kyrkja og ei matøkt.

Dersom det er fint ver, er det høve til å gå 20 meter og dyppa føtene, eller bada i Hardangerfjorden. Om mange nok vil vera med, leiger me

ein buss til turen. Alle som ønskjer det, er velkomen til å vera med på tur.

For å vita om me skal leiga buss, ønskjer me påmelding til

**Jorunn Haukås, tlf. 99511259 innan 1.juni.**

Arr. Ytre Arna sokneråd



Foto: Per Lande



## Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til det beste for Arna!

FOR ARNA SOKNERÅD: Kristin Haukaas - FOR YTRE ARNA SOKNERÅD: Jorunn Haukås



Natur

”Jorden og det som fyller den, hører Herren til, verden og de som bor der er hans. For han har grunnlagt jorden.”

Slik begynner Salme 24 i Det gamle testamente med å slå fast at naturen med dens ressurser og beboere, både mennesker og dyr, er Guds eiendom.

Foto: Erik Rodal



## Pinsemøte

I pinsehelga 26. – 28. mai vert det pinsemøte i Ytre Arna. Oddvar Søvik er talar. Han er pensjonert pastor og forfattar. Møta er eit samarbeid mellom Haugland indremisjon, Ytre Arna indremisjon og Ytre Arna kyrkjelyd.

Hovudtema: Eg trur på den heilage ande.

**Fredag kl. 19.00 på Ytre Arna bedehus:**  
Født av Anden

**Laurdag kl. 11.00 (to timar - med mat mellom timane) på Haugland bedehus:**  
Andens gåver.  
Barneopplegg.

**Sundag kl 19.00 i Ytre Arna kyrkje:** Bli fylte av Anden

Bønemøte ein halv time før samlingane.



Slekters gang

## DØYPTTE ARNA

Mads Søreide  
Synne Rolland  
Oda Hammer  
Linnea Espeseth  
Ida Lerpold  
Isak Skjoldal  
Mathea Myklebust  
Isak McCormack Schrøen  
Magnus Moberg  
Emilie Florence Bull  
Ailo Hjortland  
Jonas Haug-Toklum  
Matheo Eriksen  
Hedvig Fjærestad Wølner  
Olav Hopland  
Birk Garnes Erdal  
Ella Raad Rolland  
Emma Minde  
Vinni Silden

## DØDE ARNA

Nils Reidar Thunestvedt  
Olav Ingvar Skulstad  
Helge Bjarne Pedersen  
Reidar Arnold Unneland  
Solveig Irene Haugen  
Helga Rundhovde  
Björg Moklev  
Olbjørg Fitje  
Sigmund Ove Kvamme  
Gunn Berit Fjellanger  
Nils Olai Espeland  
Berit Sofia Eriksson  
Bjarne Villanger  
Ronnie Berg  
Malvin Asbjørn Førland  
Gunnar Bratland  
Alvhild Konstanse Borge  
Per Eide  
Harald Magdalon Gerry Juuhl  
Christer Handal Hansen  
Björg Ragnhild Romslo  
Otto Johan Sæterdal  
Kåre Flatebø

## DØYPTTE YTRE ARNA

Joakim Bjerk Rolland  
Emily Quam Kalsås

## DØDE YTRE ARNA

Nils Per Lidtun  
Ingvard Johan Hydle  
Knut Torvald Midtun  
Gerd Espevik  
Aslaug Olava Bernestangen  
Eva Marie Nævdal  
Torgunn Steinset  
Arve Pettersen  
Rhoar Olsen

Adrian Aase Unneland  
Eldbjørg Ragnhild Rasch  
Håkon Ingvald Midttun  
Trond Olsen  
Atle Flatås  
Berthe Kristine Farrestveit  
Hroar Olsen  
Gunnvor Unneland  
Gunnvor Songstad  
Hildur Garmanslund  
Arne Solberg  
Anna Mary Tunestveit  
Jørgen Elias Nilsen  
Ingebjørg Sleen  
Svein Helle



K.J. Brusdal AS



ØYRANE TORG

ASIKO  
– vi forsyner Norge med mat

BYGGMESTER  
JOSTEIN GARNES AS



Murmester  
Sigurd Djonne AS

www.sigurd-djonne.no.no  
Tlf. 55 24 21 16  
Følg oss på facebook

Boliger  
i mur





# Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester.

I Ytre Arna er det sundagsskule kvar sundag det er gudsteneste, så sant det let seg gjera.

Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå [www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna) eller [www.kyrkja.no/ytrearna](http://www.kyrkja.no/ytrearna). Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: Kristin Hjertaker, Mobil: 414 79 182, Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

## 02.04.

### Palmesundag

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 06.04.

### Skjærtorsdag

Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.  
Arna kyrkje kl. 18:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 07.04.

### Langfredag

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.  
Ytre Arna kyrkje kl. 18:  
Gudsteneste. Hjertaker.

## 09.04.

### Påskedag

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 16.04.

### 2. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.

## 23.04.

### 3. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.  
Jazzmesse / Kultur dagar.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 30.04.

### 4. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Jakobsen.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Konfirmasjon. Fløysvik.

## 01.05.

### 1. mai

Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 07.05.

### 5. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 10.30 og  
12.30:  
Konfirmasjon. Hjertaker /  
Snipsøyr.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Konfirmasjon. Fløysvik.

## 13.05.

### Laurdag

Arna kyrkje kl. 10, 11.45  
og 13.30: Konfirmasjon.  
Hjertaker/ Snipsøyr

## 14.05.

### 6. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 10.30 og  
12.30:  
Konfirmasjon. Hjertaker/  
Snipsøyr.

## 17.05.

### Grunnlovsdag

Arna kyrkje kl. 11.30:  
Gudsteneste. Hjertaker.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 21.05.

### 7. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 28.05.

### Pinse

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.  
Søvik.

## 04.06.

### Treiningssundag

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste for små og  
store. Hjertaker. Tårna-  
gent.

## 11.06.

### 2. søndag i treiningstida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste.  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 18.06.

### 3. søndag i treiningstida

Arna kyrkje kl. 11:  
Temagudsteneste. Hjer-  
taker.

## 25.06.

### 4. søndag i treiningstida

Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 02.07.

### 5. søndag i treiningstida

Arna Kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 09.07.

### Aposteldagen

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 16.07.

### 7. søndag i treiningstida

Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik

## 30.07.

### 9. søndag i treiningstida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.

## 06.08.

### 10. søndag i treiningstida

Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Hjertaker.

## 13.08.

### 11. søndag i treiningstida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Reisæter-Thu.

## 20.08.

### 12. søndag i treiningstida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste for små og  
store. 6-åringar. Skulestart.  
Hjertaker.

## 27.08.

### 13. søndag i treiningstida

Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Reisæter-Thu  
Ytre Arna kyrkje kl. 11:  
Gudsteneste. Fløysvik.  
Konfirmantpresentasjon.

## Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

[www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna)  
[www.kyrkja.no/ytrearna](http://www.kyrkja.no/ytrearna)

Foto: Bo Mathisen/Kyrkjerådet

